

Novemberkveld i gapahuken



Torsdag 17. november var det dukka for nok ein hyggeleg kveld i gapahuken på Brendene. Det er fjerde året dette arrangementet føregår. Det starta som ein aktivitet knytt til Grunnskuleveka i 2002. Alle elevane, lærarane, foreldre og søsken møtast på Brendene, der skulen har ein gapahuk som vart bygd i 1998. For dei av dykk som ikkje veit kor Brendene er, kan vi fortelje at det er i skogen rett ovanfor Tveitbakkane. Det er Gunnar Atle Vereide som eig skogen, og han har lete skulen få lov å byggje gapahuken, og bruke området, noko vi gjer mykje - året rundt.



Akkurat dette arrangementet føregår slik at skulen, ved dei eldste elevane, lagar til natursti i skogen, rektor (eller nokon i foreldreutvalet) lagar bål, alle stiller med grillmat og drikke, og så kosar vi oss i mørket. Det er sjølv sagt ikkje heilt mørkt, for bålet lyser lunt og koseleg midt inni skogen, og alle barna har med lommelykter. I år var det "hauddelykter" som var i skuddet. Postane på naturstien er merkte med refleks, og for å finne fram til dei, lyser vi på med lyktene våre. Det er utruleg flott å sjå alle lysa inni mellom trea, og høyre kor barna kosar seg i mørket. Ingrid og Kristian Tystad Melsæter vann naturstien.

Spørsmåla her spente over eit vidt spekter av vanskegradar, alt frå "Kva farge hadde Napoleons kvite hest?" til "Kva heiter den største planeten i vårt solsystem?"

Dei vaksne set og stor pris på dette arrangementet, og i år var det fullt av folk i skogen på Brendene. Veret i år var vinterleg med ganske mykje snø på bakken. Det var og dagen etter fullmåne denne kvelden, og sjølv om det var litt skya ver, var det likevel lyst og fint.

Det vart grilla mykje marshmallows og pølser, og drukke mange koppar kakao og kaffi. Praten og latteren sat laust hos folk, og to timar går utruleg fort når vi har det kjekt.

Det er, som sagt fjerde året denne kosekvelden vert arrangert, og på Vereide skule skal det ikkje alltid så mykje til for at noko vert kalla ein tradisjon. Vi satsar derfor på at vi kan sjå fram til mange hyggekveldar i gapahuken på Brendene i åra framover.

Haugtunrevyen 2006

Også i år vert det revy på Haugtun

Laurdag 11. mars 2006 er det premiere med påfølgjande dans, og kafe i kjellaren. Søndag 19. mars er det og to forestillingar, så det skulle vere råd for alle å få sett revyen i år.

Revyen har ikkje fått noko namn enno, men det er folk i sving allereie med å lage sketsjar og innslag. Har du ein liten diktar i magen,

likar du å kle deg ut, syng du i dusjen, er du flink med sminke, eller har du andre kvalitetar som kan vere bruk for i revysamanheng, kan du ta kontakt med Mads Tystad. Det er han som er revysjef dette året. Han kan sende deg vidare til den gruppa du ynskjer å vere med i. Mads når du lettast på mobil nr. 97 13 13 44.

Dersom du kan tenkje deg å hjelpe til i kafeen, med vaktald, billettsal eller andre praktiske ting, kan du og snakke med Mads.

Haugtunrevyen vert til gjennom samarbeid og dugnad, og har bruk for alle gode krefter, så hiv deg rundt, ver ikkje smålåten – kanskje det er du som stel showet denne gongen.



God Jul!

